

Bårdseng (gnr. 98)

Bårdseng: Gardnamn som kjem av mannsnamnet Bårdr. Skrivemåten av namnet har vore stø og historisk kjenneleg så langt tilbake ein finn namnet brukt.

Bårdseng låg lenge som underbruk til Skikstad. Men i 1723 er "BaardsEng" oppført som sjølvstendig gardsbruk av skyld 6 skinn. Oppsittaren på Bårdseng heitte da Lars Ellingsen, og han var sjølv eigar av garden. Buskapen var da 1 hest, 5 naut og 6 sauer, og den årlege utsæden av korn var ca. 1 ½ tønne bygg. Vidare er det oppgitt at garden var lettbrukt, og at jordarten var god. Det var lite eller inkje med skog til garden, og setra hadde berre "maadelig hamn". I 1733 var det elles også ein annan familie som budde v/Bårdseng. Dei heitte Halvor Pedersen og Sigrid Siversdtr. og var truleg husmannsfolk der. Tjugeseks år seinare er det soleis opplyst at Sigrid hadde eit stykke brukande jord der. Same Sigrid hadde elles i 1744 lyst sin odelsrett til "Baards Eng", som gardnamnet enda vart skrive.

Men i 1749 gav Thomas Scheggestad skjøte til Christen Tordsen på "ødegaarden Baardseng av skyld 6 skind for 190 rd." Kjøparen Christen Baardseng lånte med det same 150 rd. av sorenskriver Ziegler på Lysgaard. To år seinare fekk i 1751 Christen Baardseng bevillingsseddel av fogden på eit seterbol på "Sørlisæteren sønden for Breed Setter Stulen". Etter dette Christen Baardseng garden i fire år. Da selde han i 1755 Baardseng til Hans Thommesen Scheggestad for 267 rd.

I 1757 var det elles Peter Christiansen Møller med hustru som hadde kjøpt Baardseng. Siri Halvorsdtr. fekk da tinglyst føderådskontrakt, og den hadde etter utskrift av tingboka denne ordlyden: "Tgl. 18. juni 1757. Det føderåd som eieren av gården Baardseng Peter Christiansen Møller skal svare til Siri Halvorsdtr. Baardseng er forandret således: Leveres henne 3 tønner korn, forskaffes henne hjemkjørt 15 vinterlass brendevad, fødes for henne hele året 1 ko og 2 sauer, beholder hun sin gamle stue og fjøs til rådighet, og når hun blir gammel, nyder hun oppvartning og tilsyn av Baardsengs eier."

I 1762 hadde Baardseng atter skifta eigar, og det var da Paul Jonsen som hadde heimel på garden. Men same året selde han halvparten av Baardseng, Baardseng av skyld 3 skinn, til Ole Olsen og arvingar for kjøpesum 230 rd. + føderåd. Etter det var det altså vorte to brukarar på Bårdseng: Paul Jonsen på den eine garden og Ole Olsen på den andre. Båe brukarane hadde familie og budde på Baardseng. Kona til Paul Jonsen var Marit Halvorsdtr., og dei fekk i tidsrommet 1763-75 fire born. Det var: 1. Ingebor f. 1763, 2. Jon f. 1767, 3. Siri f. 1770, 4. Marit f. 1775. Kona til Ole Olsen heitte og Marit, og dei fekk i året 1765 dottera Ingeborg.

Gamleløkka under Baardseng er omhandla i 1766. Jon Asbjørnsen Baardseng lånte da 100 rd. av Christen Halvorsen Høgsveen mot 3 % årleg rente og pant i Gamleløkka under Baardseng "tillikemed 3 mål aker i de sønderste og nordeste akre i samme gaard". Men i 1767 hadde Jon Asbjørnsen selt garden Bårdseng tilbake til Paul Jonsen for sum 409 rd. Etter dette var det i 1772 Paul Jonsen som hadde heimel på heile garden Bårdseng att, og han lånte da 408 rd. av Jørgen Otto Grue "av Ulveng paa Brøttum" og 250 rd. av Ole Syversen "Nedre Hahle av Brøttum", tilsm. 658 rd. mot 4 % årleg rente og 1. pr. pant i grd. I grd. Bårdseng av skyld 6 skinn "og alt løsøre". Ved denne handelen hadde elles Amund Syversen Fougner i Gausdal og Hans Thommesen Skjeggstad, Fåberg, stelt seg som kausjonistar.

Av 17. febr. 1783 er ei kontrakt mellom Ole Erlandsen Hindklev og Paul Jonsen Baardseng om oppsetting av eit gjerde eller ei hagfelle gjennom fjellmarka ell. heimeskogen mellom

gardane deres. Hindklev skulle ha hogst og hamnegang for "såvel heste, kvæg, svin og småkreature" på den nordre side av gjerdet og Bårdseng på den søre sida.

Paul Jonsen var framleis eigar av Bårseng i 1785. Han lånte da 650 rd. av Svend Knudsen Hoff på Biri mot 1. pr. pant i grd. Bårdseng av skyld 6 skinn. Men den 19. juni 1788 gav Paul Jonsen skjøte til sonen Halvor Paulsen på grd. Bårdseng, skyld 6 skinn, for 650 rd. + føderåd til foreldra, Paul Jonsen og hustru, av garden Bårseng.

År 1796 er plassen Thorsveen omhandla. Gunhild Halvorsdtr. Thorsveen lånte da 99 rd. av Halvor Paulsen Baardseng mot pant "i pl. Thorsveens huse og sæterløkke samt løsøreeffekter", som altså Gunhild Thorsveen måtte vera eigar av.

Fem år seinare kom i 1801 påbodet om folketelling, og det budde da 1 familie på Bårdseng. Det var: 1. Halvor Paulsen, husbonden, 38 år, 2. Lisbeth Olsdtr., kona hans, kona hans, 38 år, 3. Ole, son deres, 9 år, 4. Paul, son deres, 7 år, 5. Lars, son deres, 5 år, 6. Ole, son deres, 2 år, 7. Ingri Iversdtr., tenestkvinne, 34 år, 8. Marit Halvorsdtr., mor til husbonden, føderådskone, 63 år.

Same året hadde elles enka Marit Bårdseng innstemnt son sin, Halvor Paulsen, for resterande føderåd. Det vart ført fleire vitne, og domen i saka er etter utskrift sålydande: "17. Juni 1801. Dom: Så vel med den fremlagte føderådskontrakt som ved de av citanten førte vidner, utkommer det at innstevnte ifl. føderådskontrakten skylder citantinden $\frac{1}{4}$ slaktenøt og $\frac{1}{4}$ av et gjødet svin, altså tilpliktes Halvor Paulsen Baals Eng at levere sin mor Marit Baals Eng $\frac{1}{4}$ voksen slaktenøt og $\frac{1}{4}$ gjødet svin enten in natura eller efter taakst, samt 4 rd. i omk."

Etterskrift: Det er i innleiinga ei setning om at skrivemåten av gardnamnet har vore stø og historisk kjenneleg. Etter å ha sett den brukte skrivemåten av namnet i domen av 1801, må vi nok legge til at det finst i allfall eitt grovt unnantak frå regelen. Den brukte l i "Båls Eng" skriv seg sikkert frå at rd i bygdemålet blir uttala som tjukk l.

Frå denne tid er fleire tinglyste obligasjonar der grd. Bårseng vart pantsatt. Såleis lånte i 1802 husbonden Halvor Paulsen 999 rd. av Peder Haav mot 1. pr. pant i Bårseng. Åtte år seinare gav i 1809 Halvor Paulsen også obl. til Nils Hansen Skaug på 500 rd. mot 1. pr. pant "i løsøre og avgrøde og 2. pr. pant i grd. Baardseng." I 1811 vart denne obligasjonen høgda til 1000 rd.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget av 1819. Der er det om grd. Bårdseng fortalt at buskapen av store husdyr da var 2 hestar og 6 naut, og at den årlege kornavlinga i vanlege gode år var kring 40 tønner. Vidare er det også her opplyst at det til Bårdseng hørde 1 husmannsplass.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 fekk Bårdseng som ny matr.skyld: 3 skylddalar 2 ort 2 skilling, og det var da Ole Halvorsen som hadde tatt over og var gardbrukar på Bårdseng. I denne tid var det elles fleire utskiftingar av skog i Fåberg. I 1846-48 var det såleis utskifting "af Sæterskov i Faaberg øster Almindig", i 1842 var det utskifting av to skogstykk kalla Jerudmarka og Baklia, og i 1843 vart skogstykket "Hjemmemarken" i Søre Ål utskifta.

Når det gjeld Bårdseng, var det elles noko utanom det vanlege der i året 1846. Ein nær slektning, eskadronkirurg Christen Halvorsen Bårdseng, døde der den 23. januar, og en 2. juli var det avsluttande skifte i dødsbuet hans også på Bårdseng. Av dette skiftet går det dessutan

fram at buet utgjorde brutto 1383 rd. og netto 1221 rd., og at arvingane var, forutan enka fru Baardseng, det einaste dalevande barnet deira, sonen Emil.

I 1860 var det enka Anne Jonsdtr. Baardseng som hadde heimel på garden. Ho gav da skjøte til eldste sonen sin, Halvor Olsen, på grd. Bårdseng for kjøpesum 800 spd. + føderåd verdsett til 300 spd. – Fem år seinare vart det i samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 publisert fleire nye opplysningar om gardane. Der er det om Bårdseng såleis fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da utgjorde 153 mål, og av dette var 50 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og opplyst at husdyrhaldet der var 1 hest, 4 naut og 10 sauer, og at den årlege utsæd av korn var ca. 7 tn. og av settepoteter ca. 8 tn.
- Tre år seinare vart i 1868 grd. Bårdseng selt ved auksjon til Fredrik Simensen Nordbruket for 1000 spd.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Bårdseng i Fåberg fekk da gardsnr. 98 av samla skyld 6,08 mark, og det var framleis Fredrik Simensen som var eigar og brukar av garden.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da sonen Simen Fredriksen som hadde tatt over og var brukar på Bårdseng, og ved kommunevalet i 1907 budde det 2 personar med røysterett på Bårdseng. Det var: 1. Gardbr. Simen Fr. Bårdseng, 37 år, 2. Føderådskone Lena L. Bårdseng, 73 år. Dessuan budde dagarbeidar Karl Pedersen, 43 år, på Bårdsengringen. Ein merker seg elles at dette var i den tid røysterettsalderen enda var 25 år.

Av handlar seinare med Bårdseng ell. parsellar av garden tek vi her med at i 1935 kjøpte Torger Fauskerud grn. 98, brn. 2 Skoglund av skyld 0,06 mark, og Anton Jacobsen tilhandla seg så å seia samtidig brn. 3 Granly. Året etter kjøpte i 1936 Johs. K. Ringen brn. 4 Bårdsengringen av skyld 0,43 mark. Same året kjøpte og Even Bårdseng brn. 7 Berggrunn, og Klara og Lisa Bårdseng kjøpte i 1939 brn. 1 og 8, da av skyld 5,53 mark. Same året kjøpte og Hågen Hågensen brn. 10 Fjellheim.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det altså vorte i alt 10 bruksnr. under gardsnr. 98. Av desse var det to bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Grn. 98, brn. 1 Baardseng med eit jordbruksareal på ca. 80 mål, som Klara Baardseng da var eigar av, b. Brn. 4 Bårdsengringen, areal ca. 10 mål, eigar og brukar: Johannes K. Ringen.